Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Artur Nergård

(adresse) Bøvåstadbotn

Fylke: Troms

Herad: Dyrøy

Bygdelag: Brøstad.

Gard: Nergård

G.nr. 11 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

1. Dårleg høy: skraphøy
Skrotfor.

2.

3. Skave - skev - skov - skave.

4. For kring 30 år sidan var det vanleg å skave. Vi skov bjørk. Det var vanleg hos oss at vi saga og høgg veden for kvar dag og bar han i ommskråa. Når då kulden kom, sa laut ein „flekke og skave“. Andre stader gjorde dei det slik at dei saga av stokkane i lengd på $1\frac{1}{2}$ m. Så flekte dei nævra av og skov, og stokkane blei boren ut og rist opp attmed ein vegg (buvegg). Slike stokkar kalla vi:

1500

„Skjevved", og når han fekk stå og turke, bli det fin turreved.
Di minder det var av høy, di meir var det bruk for bork.

5-6 Rogna ber ikkje anna namn enn „skav" her. Men så var det lite av det treslaget, ~~her~~ så ein nytta bjørkeborka. Medan farmor mi sat inkje på garden, bli det kjørt heim frå skogen heile lass med skav.
7. Er ikkje kjent her.

8. Eg har i dette spørsmålet samrådt meg med Olufine Ingebrigtsen (kring 60 år). Ho fortel korleis di gav borkin til dyra. Det har vore vanleg med å koke i fjøsen til dyra, og i mest alle fjøsa her, er det gryte til det bruket (tunnegryte). Til sauane gav di bjørkeborkin ilag med for som var tatt av gryta: småpotet, sild og fiskehovud, lauv, agner og fór, potetkål og, om dei hadde råd til det, litt mjøl. Slikt for „av gryta" bli og gjeven til kyrne, men di fekk skav (av rogn) serskilt.

9. Smöret bli gult når kyrne fekk skav.

1500
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 7. Skav.

10- Dei fortel at då farmor mi sat med garden, blei det köyrd heim hile lass med rogn (skav) om våråne. I mi barndomstid „flekte og skav" vi björkveden som var saga sund til brensel.

11- 14.

15. Emne i stovekåa.

16. Skavl. Han er laga til det brukt.




Skaftet k. 20cm og er laga slik at det höver for handa

19. Ein legg eit plagg under på knet, set vedskia på det og skav med skavlen som ein held i högre handa. Med venstre hand held ein vedskia. Når ein har skavl nedste delen av skia, snur ein ho og skav resten, som no på nedste delen av ho.

21. Flekkarved (björk)
Etterpå: skavenved, eller – om det er små kjeppar: skjervel.

25. Skjervelen blei set ut og bert til buveggen. Det blei god turr-ved som ein gjerne nytta til baking.

26. Dei siste 20-30 år er ikkje i bruk.

1500

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING